



**Robert Smith-Hald frå Pennsylvania og Bergen tar til å bli verkeleg husvarm på Dønhaug. I kveld kjem han att i kjedlaren, der han spela akustisk gitar og song seinast like før jul.**

**Sidan sist har den ferske læraren presentert nok ei side av seg sjølv - som framifrå ølbryggjar. Det skjedde i Førkveld i TV for få dagar sidan og det har jo også i høgste grad noko med Dønhaug å gjera. Robert har nok også synspunkt å koma med om ølet som Humlepungen bryggjar!**

Men framfor alt skal han altså i kveld syngja og spela.

Sist han var i kjedlaren framførte han nesten berre eigenproduserte songar og det vil nok skje igjen. Han har fleire hundre av dei.

Songane handlar i stor grad om det spesielle livet til Robert, som starta i ei streng sekt i heimlandet.

Debutplata Innocence Said som kom i fjor sommar og fekk strålande kritikkar har seld bra og i år har han lova ei ny plate.

(Foto: Ola Matti Mathisen)